



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET  
Postboks 8119 DEP  
0032 OSLO

Vår ref	Deres ref	Saksbehandler	Dato
2023/374-13		Harald Sve Bjørndal	24.01.2024
		harald.sve.bjorndal@vaga.kommune.no	

## Høringsuttale - forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (styring og finansiering av barnehagesektoren)

Vågå kommune sitt innspel til høyringa er som føljer:

I Vågå har vi to kommunale og ein privat barnehage. Det er viktig at foreldra har valmoglegheit og fleire barnehagar vil vere eit insitament for utvikling av kvalitet og breiare tilbod. Vågå kommune er difor uroleg for kva endringar i regelverk kan føre til for private barnehagar i situasjonar der barnetala går ned over tid. Krav om regodkjenning ved sal gjer det risikofullt å investere. I det heile kan auka usikkerheit føra til at små private barnehagar kan velja å legge ned drifta i ein situasjon der barnetala går ned. Det er ein fordel for kommunen at ein med lovendringane kan få større innflytelse på inntak og dimensjonering av tilboden. Om lovendringane vert vedtekne stillar det større krav til kommunane om langsigkt tenkjing.

Tilskot:

Dagens tilskotsmodell fangar ikkje opp variasjonar i den enkelte barnehage og departementet meiner at det er behov for ein omlegging av tilskotssystemet og ein vidareutvikling av prinsippet om likeverdig behandling. Det vert føreslege at berekninga i større grad skal differensierast i tråd med barnehagens kostnadsnivå, som i hovudsak betyr at det skal gis høgare tilskot til dei barnehagane som trenger det mest.

Kommunen må drive barnehagane sine på ein effektiv måte og dette dannar grunnlag 2 år etter for kva tilskott den private barnehagen får. Med ein privat barnehage som og har færre ungar enn dei kommunale kan forslag om differensiering verte eit vanskeleg spørsmål om ikkje staten legg føringar for kva kriterier ein skal leggja til grunn i vurderingane.

Godkjenning:

<b>Postadresse:</b> Edvard Storms veg 2 2680 Vågå	<b>Besøksadresse:</b> Edvard Storms veg 2	<b>Org.nr:</b> 939 607 706 <b>Heimeside:</b> <a href="http://www.vaga.kommune.no">www.vaga.kommune.no</a> <b>E-post:</b> <a href="mailto:postmottak@vaga.kommune.no">postmottak@vaga.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 61 29 36 00 <b>Bankkonto:</b> 2085 07 70000
---	--	---	---

Det ligg i forslaga til endring at kommunen kan redusera talet på barnehageplassar ein barnehage er godkjent for kvart 10'ande år med 2 års varsel. Vågå kommune meiner at ei slik moglegheit for å tilpassa talet barnehageplassar i ein situasjon der tal barn går ned er nødvendig. I vurderingane skal ein ta utgangspunkt i at reduksjonen skal fordelast jamt mellom barnehagane. Kommunen har forståing for at dette gjev usikkerheit for private aktørar men denne usikkerheita finn ein og att hjå dei som arbeider i dei kommunale barnehagane. Brukar ein dette verkemiddelet har ein moglegheit til å kompensere jmf. differensiering av tilskot som følgje av kostnadsnivå. Moglegheitene som lovendringane fører med seg set større krav til langsiktig tenkjing i kommunen.

Når det gjelder mogleheita til å krevja ny godkjenning ved sal av barnehagar er ikkje kommunen einig i dette forslaget. Dette vil hemma mogleheitene for utvikling. Når objektet ikkje kan omsettast er kredittvurderingar og tilgang på kapital vanskeleg for mindre private barnehagar.

Departementet ynskjer innspel på om forslaga er tilstrekkeleg for å løysa utfordringar knytt til over etablering av barnehageplassar. Slik kommunen vurderer dette er lovendringane tilstrekkelege.

Opptak:

Det er viktig at foreldra har valmogleheter men endringane kan gje kommunen anledning til å fastsetja ein communal forskrift om prioritering som overstyrer barnehagens eigne vedtekter, noko som kan vere viktig med tanke på bl.a. utjamning og integrering. Det er ein samordna opptaksprosess i kommunen i dag som harmonerer godt med intensjonane i dei nye forslaga til lovendringar.

Med helsing

Harald Sve Bjørndal  
Ordførar

*Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.*